

Protokoll frå styremøte (Skype) i Helse Førde HF

Tid: **23.03.2020, kl. 10:00-12:50**
Møtestad: **Skype-møte**

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, stedfortreder AD/direktør Psykisk helsevern
Børge Stavland, kst. direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Trine Hunskaar Vingsnes, fagdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IT-sjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Laila Solheimslid, revisor BDO

Sakliste

- 012/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 013/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.01.2020
- 014/2020 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte i Helse Førde HF 12.03.2020
- 015/2020 Administrerande direktør si orientering
- 016/2020 Rapportering frå verksemda per februar 2020
- 017/2020 Årsmelding 2019 – Helse Førde HF
- 018/2020 Årsrekneskap 2019 – Helse Førde HF
- 019/2020 Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF
- 020/2020 Nye Førde sjukehus
- 021/2020 Prehospital plan – mandat for fase 3 og innføringsplan
- Saker til orientering:
- 022/2020 Eventuelt
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte med oppkobling skype-møte. Det er første gong vi har videostyremøte.

Vi har også deltakring frå BT, NRK og Fjordabladet. NRK gjorde opptak av styremøte.

012/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

013/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.01.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte 24.01.2020.

014/2020 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte i Helse Førde HF 12.03.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte 12.03.2020.

015/2020 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om at punkt 5 «Helsefellesskap» og punkt 6 «Rekrutteringsstrategi» vert utsett til neste møte.

Punkt 4. Korona

Adm. direktør Varden orienterte om status covid-19 i Helse Førde og kommunane i nedslagsfeltet:

- Per i dag har vi 2 positive av 21 testa i Helse Førde
- Antall i karantene har gått noko ned. No er 59 i heimekarantene, og 5 er sjukmelde
- Ingen innlagde i sjukehusa for korona

Testkapasitet:

Mikrobiologisk avdeling har vore oppe i 210 analyser i døgnet. Forbruk av reagensar er stort. Forsyningssituasjonen er usikker, derfor vart det gjort vedtak i beredskapsleiinga før helga, at vi inntil vidare kan gjennomføre maksimalt 60 reagensanalyser. Vi må innskrenke testing til dei høgast prioriterte områda, dvs. innlagde pasientar i sjukehus og institusjonar.

Det er løpande informasjon internt i Helse Førde. Vi har tett dialog med kommunane, med regelmessige møter.

Testing av tilsette vert organisert gjennom Bedriftshelsetenesta.

Status smittevernutstyr:

Vi skal følgje Folkehelseinstituttet sine retningslinjer for smittevernutstyr.

Forsyning:

Forsyningssituasjonen i regionen er usikker, vi rapporterer kvar formiddag. Dette er tema i AD-møte i Helse Vest kvar måndag, onsdag og fredag.

Helse Vest har ansvar for det regionale systemet. Sjukehusinnkjøp HF har felles nasjonalt innkjøpsarbeid.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om kohort og arbeidet med å førebygge smittespreiing.

Det er planlagt for beredskaps-kohort ved lokalsjukehusa. Hovudplan er å samle pasientane ved Førde sentralsjukehus. Det er eit stort arbeid med å rigge til pasientflytane.

Helsedirektoratet har sendt ut eit utkast til prioriteringsveileder for Covid-19. Den endelege rettleiaren skal vere klar i denne veka og omhandlar:

- Nyttekriteriet
- Ressurskriteriet
- Alvorlighetskriteriet

Veileder skal vere rettleiar for spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Alderskriterier er ikkje med i utkastet.

HR-direktør Skjelten orienterte om tiltak knytt til medarbeidarar. Det har vore laga ein oversikt av tilsette som jobbar i deltid, vikarar, studentar, pensjonistar om at det kan kome ein henvendelse.

Det er no 141 personar som har meldt seg til Helse Førde.

Vi har eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta om prosessen. Det er faste møter.

Vi har inngått eit overnattingstilbod med Førde Camping for tilsette som treng overnatting og kviletid mellom vaktene. Også for tilsette som blir sett i karantene.

Vi har ute informasjon på intranettet ang. skule og barnepass.

Samhandlingssjef er bindeledd med kommunane om ressursbruk av studentar.

Adm. direktør Varden fortalde at det har vore gjort ein formidabel innsats i alle einingar i organisasjonen.

Styret takka for god orientering.

Styret kom med følgjande tillegg i vedtaket: *Styret takkar alle tilsette i Helse Førde for godt arbeid med å førebygge smittespreiing og handtering av korona-pandemien.*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

Styret takkar alle tilsette i Helse Førde for godt arbeid med å førebygge smittespreiing og handtering av korona-pandemien.

016/2020 Rapportering frå verksemda per februar 2020

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

Frå mars og framover vil drifta i Helse Førde vere sterkt påverka av førebuing og handtering av korona-epidemien. Rapportering på økonomi og kvalitet vil verte påverka av korona-epidemien. Samhandling mellom føretaka og kommunane er avgjerande i tida framover.

Per februar har Helse Førde eit overskot på 3,4 millionar, som er 1 million bak budsjettet.

Samla var sjukefråværet 6,4 prosent i januar.

Styremedlem Eriksen orienterte om at fokuset framover frå eigar si side vil vere:

- *Beredskapsarbeid*
- *Ivareta øyeblikkeleg hjelp i forhold til korona og øvrig behandling*
- *Å levere forsvarleg helsehjelp*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per februar 2020 til vitende.

017/2020 Årsmelding 2019 – Helse Førde HF

Styrelciar Landstad orienterte om at det vart felles orientering om sak 017 og 018. Den lukka delen er ikkje nødvendig. Formalkrava er i orden.

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. Styret si årsmelding 2019 er ferdig revidert. Etter tilråding i styret skal årsmelding 2019 oversendast til Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg godkjenning

Resultat for 2019 er eit overskot på 43,2 millionar, som er 7,2 millionar over resultatkravet.

Ved inngangen til 2020 er spesialisthelsetenesta prega av førebuing- og beredskapsarbeidet knytt til korona. Ein må forvente eit stort press på tenestene i sjukehusa gjennom 2020 som følgje av dette.

Adm. direktør Varden og økonomidirektør Helleseeth orienterte om årsmelding 2019.

Direktør Tvedt gjorde greie for endringane frå 2018 til 2019 innan psykisk helsevern for barn og unge og innan rusbehandling.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding for 2019.

018/2020 Årsrekneskap 2019 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. Årsrekneskap med notar for 2019 er ferdig revidert. Etter tilråding i styret skal dokumentet oversendast til Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg godkjenning.

Årsresultat for 2019 var eit overskot på kroner 43.168.914,-

*Adm. direktør Varden orienterte om rettingar side 12, med korrigering i tabell:
Helge Robert Midtbø er direktør Drift og eigedom
Tone Holvik er også samhandlingssjef*

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om årsrekneskap med notar for 2019.

Note 24 med ny tekstdel om korona blir lagt inn i den endelege versjonen.

Dokumenta årsmelding og årsrekneskap vert oppdaterte iht innspel i styret. Signatur på dokumenta vert gjennomført elektronisk ved bruk av bank-ID.

Revisor Laila Solheimslid orienterte om revisor si oppsummering av rekneskapet:

- *Revisors kommunikasjon med styret*
- *Status på risikovurdering*
- *Internkontroll*
- *Vesentlege rekneskapspostar*
- *Forhold som er diskutert med leiinga*
- *Øvrige forhold*

Det er ikkje avdekkja vesentlege avvik. Av praktiske grunnar har den lukka delen vore teke i møte med styreleiar.

Revisor sin presentasjon vert utsendt til styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF sitt årsrekneskap med notar for 2019.

019/2020 Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste. I møtet med helsetenesta skal kvar einiskild pasient oppleve respekt og openheit, og medverknad i val av eiga behandling og korleis ho skal gjennomførast.

Regjeringa vil etablere helsefellesskap mellom kommunar og helseføretak med utgangspunkt i dei eksisterande helseføretaksområda og etablerte samarbeidsstrukturar.

Det viktigaste arbeidet for å betre kvalitet og pasientsikkerheit skjer lokalt. Klinisk forskning skal integrerast med pasientbehandling.

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå dei tre overordna styringsmåla:

- 1) Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- 2) Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- 3) Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 11. mars 2020. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 23. mars 2020.

Pga situasjonen som har oppstått med korona vil det kome endra signal frå eigar i høve prioriteringar og krav i styringsdokumentet for 2020.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Styringsdokument 2020 for Helse Førde HF» til vitende.

020/2020 Nye Førde sjukehus

Oppsummering:

Arbeid med vidareutvikling og optimalisering av forprosjektet har medført at ein i prosjektet ser behov for eit endringsomfang som må leggest fram for styret. To nye alternativ er gjennomdrøfta med driftsorganisasjonen, og vi har med det tre alternativ:

- Alternativ 1: Forprosjekt, framlagt og vedteke desember 2018
- Alternativ 2: Vidareutvikla forprosjekt, framlagt sommaren 2019
- Alternativ 3: Livabygg i åtte etasjar, framlagt haust 2019

Administrerande direktør meiner Helse Førde bør arbeide vidare med alternativ 3 for å gjere dette så godt som råd. Dette alternativet er det som best ivaretek tilhøva for pasientar og tilsette i byggetida samstundes som det aukar fleksibiliteten for framtidige endringsbehov. Alternativet gir og det største potensialet for å hente ut framtidige gevinstar innan kvalitet og økonomi.

Det skal arbeidast vidare mot eit kostnads mål på 1 803 millionar kroner (2020), og det må difor etablerast gode planar som kan redusere prosjektet med 70 millionar ved behov.

Alternativ 3 kan etter administrerande direktør si vurdering gjennomførast med den lånetilsegna som prosjektet har frå Helse- og omsorgsdepartementet(HOD).

Styret takka for god gjennomgang av saka.

Endringsframlegg frå styreleiar Landstad:

Tillegg i punkt 1:

«med atterhald om at eigar kan godkjenne vidare arbeid med alternativ 3.»

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak med styreleiar sitt tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret gjev administrerande direktør løyve til å arbeidet vidare med løysingar som optimaliserer Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus, med atterhald om at eigar kan godkjenne vidare arbeid med Alternativ 3.
2. Styret ber administrerande direktør utarbeide planar for reduksjon av prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.
3. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ein forenkla KSK(Ekstern kvalitetssikring av konseptval) for Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.

4. Kostnadsmål for alle delprosjekta i Nye Førde sjukehus er 1 803 millionar i 2020 kroner.
5. Kontrakt for bygging av Livabygget skal leggast fram for styret til endeleg godkjenning.

021/2020 Prehospital plan – mandat for fase 3 og innføringsplan

Oppsummering:

Prehospital plan omfattar tre fasar:

- Fase 1 (haust 2017): Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring/ høyring.
- Fase 2 (haust 2018-haust 2019): Detaljering av modellar.
- Fase 3 (vår 2020-vår 2023): Impementering av vald modell.

Arbeidet med prehospital plan skal inn i fase 3 – implementering av vald modell, og mandatet for denne fasen skal vedtakast av styret i Helse Førde. Det står att viktig utgreiingsarbeid knytt til struktur. Notatet «Arbeidsform og førebels skisse til innføringsplan» skisserer korleis arbeidet i fase 3 skal gjennomførast.

Den overordna organisering av prosjektfasen:

- Styret vedtek mandat for fase 3, og skal haldast løpande orientert om framdrift og resultat
- Prosjektleiari rapporterer med jamne mellomrom framdrifta til styringsgruppa
- Prosjektgruppa har eit ansvar for gjennomføring av mandatet med dei 39 tiltaka frå styrevedtaket
- Arbeidsutvalet skal syte for den «daglege drifta» i innføringsfasen, og skal ha ein kontinuerleg oversikt når det gjeld framdrift, økonomi, ressursituasjon m.m.

Gjennomføring av dei 39 tiltaka vil i stor grad skje gjennom linjeaktivitetar. Meir krevjande tiltak krev ei breiare involvering i arbeidsgrupper.

Adm. direktør Varden innleia og las opp uttale frå tillitsvalde og vernetenesta til saka.

Direktør Guldhav orienterte om organisering og tidsplan for prosjektet.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner mandat for fase 3 for prehospitala tenester, og ber administrerande direktør orientere styret om framdrifta.

022/2020 Eventuelt

Adm. direktør Varden kommenterte brev frå Luster kommune. Forslag er at AD skriv brev til Luster kommune, og viser til vedtak om at dette er ei utprøving på eit år som skal evaluerast.

Styreleiar Landstad viste til invitasjon frå Høyanger kommune om synfaring på Tronvik. Styret har takka ja til invitasjonen, men dette kjem vi tilbake til grunna korona.

Styreleiar Landstad takka for møtet og deltaking, og at vi fekk gjennomført styremøte via Skype.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret:

- RHF styresak 016/20 Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest
- RHF styresak 017/20 Høyring – Grimstadutvalgets utredning – Studieplasser i Norge
- Årsmelding 2029 – Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
- Brev frå Høyanger kommune vedr. Framtida til psykiatrisk klinikk avd. Tronvik, datert 03.03.2020
- Brev frå Sogn regionråd vedr. Framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim, datert 03.03.2020
- Brev frå Luster kommune vedr. Luster kommune klagar på vedtaket om å svekke ambulansetilbodet i kommunen ved å flytte dagbilen til Sogndal, datert 04.03.2020
- Høyringsbrev revisjon av strategi for Forsking og Innovasjon i Helse Førde, datert 16.03.2020
- Forskings- og innovasjonsstrategi Helse Førde 2020-2025
- Fråsegn frå Sogn og Fjordane Sp vedr. «Sogn og Fjordane Sp krev fullgod ambulanseteneste», datert 19.03.2020

Følgjande skriv og melding var utsendt via e-post førut styremøte:

- Uttale frå tillitsvalde og vernetenesta til sak 021/2020

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Thomas Vingen Vedeld

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes